



Hjelmeland kommune
Vågavegen 116
4130 Hjelmeland

Kontakt saksbehandlar

Mette Sømme, 51568735

Melding om tilsyn

Hjelmeland kommune får tilsyn, og vi kjem på besøk til kommunen

Vi har som oppgåve å føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 første ledd. Når vi gjennomfører tilsynet, skal vi ha tilgang til dokumentasjon og lokale dersom tilsynet krev det.

Tilsynet går ut på å kontrollere om kommunen som barnehagemyndigheit følgjer regelverket i barnehagelova med forskrifter. Hjelmeland er vald ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for barna. Denne risikovurderinga byggjer på informasjon fylkesmannen har frå ulike kjelder.

Tema for tilsynet

Temaet for tilsynet er kommunens forvaltning av retten til spesialpedagogisk hjelp og retten til tilrettelegging for barn med nedsatt funksjonsevne. Under disse tema kontrollerer vi disse bestemmelsene:

1. Spesialpedagogisk hjelp, barnehagelova § 19a jf. §§ 19b, 19d og 19e
2. Tilrettelegging for barn med nedsatt funksjonsevne, jf. barnehagelova § 19g.

Gjennomføring av tilsynet

Tidspunkt for tilsynsbesøket er 17. oktober 2019. Formålet med besøket er å intervju, barnehagemyndigheit, barnehageeigarar, barnehagestyrarar, leiar for PP-tenesta, og andre sentrale personar, for å innhente informasjon om praksisen til barnehagemyndigheita. Vi vil avtala praktisk gjennomføring med kontaktperson og sender programmet for besøket seinast éi veke før vi kjem. Vi har fått informasjon om at Ann-Cathrin Berge Kleppa er kontaktperson for dette tilsynet.

Tilsynet går føre seg på følgjande måte:

- De sender inn dokumentasjon.
- Vi kontrollerer dokumentasjonen.
- Vi hentar i tillegg informasjon frå våre eigne system, offentlege register og informasjon på kommunens nettstad.



- Vi besøker kommunen og intervjuer sentrale personar.
- Vi vurderer informasjonen om praksisen til barnehagemyndigheita opp mot regelverket.
- Vi utarbeider ein rapport der våre vurderingar og konklusjonar kjem fram.
- Dersom vi finn brot på regelverket, skriv vi ein førebels rapport. De kan uttale dykk om innhaldet i han før vi eventuelt lagar ein endeleg rapport med rettefrist.
- Vi publiserer den ferdige rapporten på vår heimeside.
- Dersom vi framleis finn brot på regelverket etter rettefristen, gjer vi eit vedtak.
- De får eit eige brev når vi avsluttar tilsynet.

Førebels tidsplan

02. september 2019	Frist for innsending av dokumentasjon
01. oktober 2019	Opningsmøte kl. 10:00 - 11:30
17. oktober 2019	Gjennomføring av intervju
26. november 2019	Utsending av førebels tilsynsrapport
03. desember 2019	Sluttmøte kl.10:00 - 11:30
13. desember 2019	Frist for å gi ein tilbakemelding på førebels tilsynsrapport

Reglane for prosessen vi har beskrive ovanfor, finn de her:

- Innhenting av dokumentasjon, jf. barnehagelova § 9 siste ledd, jf. kommunelova § 60 c.
- Førehandsvarsel om rett til å uttale dykk, jf. forvaltningslova § 16.
- Rettefrist før vedtak med pålegg om retting, jf. kommunelova § 60 d.
- Våre tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3.

De må sende inn dokumentasjon

De har plikt til å sende inn dokumentasjon som vi har beskrive i lista vedlagt dette brevet, jf. barnehagelova § 9 siste ledd, jf. kommunelova § 60 c.

Fristen er 02. september 2019.

Ta kontakt med Mette Sømme dersom de har spørsmål.

Med Hilsen

Marianne Skogerbø
utdanningsdirektør

Mette Sømme
rådgivar

Vedlegg: Liste over dokumentasjon.

Dokumentet er elektronisk godkjent